



# LINDÅS KOMMUNE

Landbruksavdelinga

Håvard Dyrkolbotn  
Stranda 480  
5993 OSTEREIDET

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/3357 - 16/29561

Saksbehandlar:  
Kjartan Nyhammar  
kjartan.nyhammer@lindas.kommune.no

Dato:  
24.10.2016

## Søknad om konsesjon for kjøp av gbnr 16/17 Askeland Nordre

Syner til søknad motteken 18.oktober 2016

### Dokument i saka :

- Søknad om konsesjon

### Saka gjeld :

Håvard Dyrkolbotn søker konsesjon for kjøp av den ubebygde tomten gbnr 16/17 Askeland Nordre i Lindås kommune. Formålet er tilleggsareal til bustadtomt gbnr 16/15 m.fl som han allereie eig.

### Lovverk :

Saka skal handsamast etter konsesjonslova. Dette fordi det krevs konsesjon for kjøp av eigedommen når den ligg eit uregulert område, er ubebygd og over 2 dekar.

### Den omsøkte eigedommen :

Den omsøkte eigedommen er ein tomt på 2100 m2 som ifølgje Nibio sitt gardskart i stor grad er klassifisert som skogsmark med super bonitet. Eigedommen ligg i øvste hjørna på eit om lag 10 dekar stort område som er oppdelt i 5-6 tomtar. 3 av desse eigedomane eig søkjar allereie – gbnr 16/15,18 og 20. Området grensar øvst mot fylkesveg 394 Stranda og skrår bratt retning sjøen.

Den omsøkte tomten har vel 40 meter felles grensa med landbrukseigedommen gbnr 17/3. Arealet som grensar mot tomten er definert som innmarksbeite.



1)



#### Vurdering :

Konsesjonslova har til føremål å regulera og kontrollera omsetjinga av fast eiendom for å oppnå eit effektivt vern om landbruket sine produksjonsareal og slike eigar- og bruksforhold som er mest gagnlege for samfunnet, m.a. for å tilgodesjå framtidige generasjoners behov, landbruksnæringa, behovet for utbyggingsgrunn, omsynet til miljøet, allmenne naturvern- og friluftsiinteresser og omsynet til busetting.

Lindås kommune kan ikkje sjå at dei interesser som konsesjonslova skal ivareta vert råka i denne saka. Snarare tvert imot vil det vere ei styrke for bygda om det kjem eit nytt bustadhus og fleire folk. I denne saka vert det ikkje vurdert kor vidt tomten er eigna for vegframføring og bygging. Det vert ei eiga sak dersom det vert aktuelt.

Det er eit ekstensiv landbruksdrift i området der beitetilgangen er god, men der tilgangen på slåttemark er avgrensa. Såleis er den bratte tomte av liten verdi for landbruket i området.

#### Konklusjon :

1)

Håvard Dyrkolbotn får konsesjon for kjøp av tomten gbnr 16/17 Askeland Nordre.

**Vedtak :**

**Søklar Håvard Dyrkolbotn får konsesjon for kjøp av tomten gbnr 16/17 Askeland Nordre. Grunngevinga framgår av saksutgreiinga. Vedtaket har heimel i §1 i konsesjonslova.**

**Gebyr :**

Søklar får tilsendt faktura for sakshandsamingsgebyr kr 2000,-

Klagerett :

Vedtaket kan påklagast jfr forvaltningslova §§ 28 og 29. Klagen sendast kommunen som vurderer om klagen vert teke til følge. Dersom kommunen ikkje tek klagen til følge skal den sendast vidare til fylkesmannen med ein uttale. Fylkesmannen fattar endeleg vedtak i klagesaka.

Med helsing

Kjartan Nyhammar  
landbrukssjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

)

**Mottakrar:**  
Håvard Dyrkolbotn

Stranda 480

5993

OSTEREIDET





## Statens vegvesen

Håvard Dyrkolbotn  
Stranda 480  
5993 OSTEREIDET

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:  
16/177760-4

Dykkar referanse:

Vår dato:  
02.02.2017


### Uttale – Fv. 394 – Søknad om avkøyrsløse – Gnr. 16 bnr. 17 – Lindås kommune

Statens vegvesen syner til søknad mottatt 20.11.2016. Vi var på synfaring på tomte 28.11.2016.

#### Kva saka gjeld:

Du har søkt om avkøyrsløse etter veglova til gnr. 16 bnr. 17 i Lindås kommune, *vår referanse FV. 394 hp 1 km 4819*. Du har opplyst at det skal søkast om bustad på tomte.

Tiltaket ligg i eit område som er avsett til landbruk-, natur- og friluftsføremål med spreidd busetnad jf. arealdelen av kommuneplan for Lindås.



Situasjonskart – Søknad om avkøyrsløse til Fv. 394 – Lindås kommune

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap

9815 Vadso

### Opplysning om saksgang:

Før Statens vegvesen handsamar søknaden etter veglova, skal tiltaket vere avklart etter plan- og bygningslova (pbl.) og anna relevant lovverk som kommunen forvaltar. Søknaden må først og fremst handsamast etter pbl. av Lindås kommune. Statens vegvesen har rett til å uttale seg til søknader som vedkjem vårt saksområde jf. pbl. §19-2. Vi har og klagerett i slike saker. Nedanfor følgjer ei uttale som du kan legge ved søknad om tiltak til Lindås kommune.

### Uttale til handsaming etter plan- og bygningslova:

#### *Tekniske opplysningar:*

Tiltaket ligg langs fv. 394 på sørsida av vegen. Vegen er smal på gjeldande strekning. Det er ikkje tilbod til gåande og syklande, men det er tilrettelagt med eit kantstopp for kollektivtrafikk på motsett side av vegen. Fartsgrensa på staden er 50 km/t, årsdøgertrafikk er (ÅDT) er 500. Den aktuelle vegstrekninga er klassifisert til Haldningsklasse 4 jf. "Rammeplan for avkøyrslar og byggjegrensar på riks- og fylkesveggar i Region vest (2013-2016)".

#### *Vegvesenet si vurdering av saka:*

I rammeplanen er vegstrekninga klassifisert til Haldningsklasse 4. Det vil mellom anna seie at vegen har funksjon som lokalveg og at ein normalt kan godkjenne ny avkøyrslar dersom dei tekniske krava vert stetta.

Eit absolutt krav vi stiller til nye avkøyrslar er at det skal vere tilstrekkeleg sikt. Siktkravet i dette tilfellet er at ein skal sjå 45 meter til kvar side av køyrebanen frå eit augepunkt 1,1 meter over bakken 4 meter inn i avkøyrsla. På synfaring 28.11.2016 målte vi sikta og fann at den kan tilfredstillast ved mellom anna rydding av vegetasjon i siktlinjene, inkludert eit frukttre på nabotomta retning høgare i avkøyrsla.

Andre krav vi stiller er knytt til svingradius. Svingradiusen skal vere minimum 4 meter. Det blir stilt eigne krav til helling / stigning i avkøyrsla, dette er særleg relevant sidan tomte er bratt. Det må vere tilstrekkeleg snu- og manøvreringsareal på eigen tomt.

Ved synfaring observerte vi eit vassdrag frå oversida av vegen, med tilhøyrande stikkrenner og dreneringssystem. Vassdraget gjekk sentralt gjennom tomte. Ved ei eventuell godkjenning av avkøyrsla vil det bli stilt krav til at dreneringssystemet skal oppretthaldast.

Vi ser at det er mange avkøyrslar på strekninga og vi meiner det vil vere ein fordel om ein kan sjå etter løysingar der fleire kan nytte same avkøyrslar. Det er ikkje søkt om dispensasjon frå byggjegrense langs veg, dette vil vere aktuelt dersom Lindås kommune gjev dispensasjon til bygging av bustad.

#### *Oppsummering:*

Etter ei konkret vurdering av tilhøva på staden meiner vi det kan påreknast avkøyrsløype etter veglova dersom våre krav vert innfridd. Eit slikt løype vil i så fall innehalde særlege vilkår knytt til opparbeiding av avkøyrsla.

Dersom kommunen vel å gje løyve til tiltak i dette tilfellet, vil vi behandle saka vidare etter føresegnene i veglova. Det må då sendast inn søknad med kartvedlegg som syner nøyaktig plassering av avkøyrsla og eventuelle bygg, og som syner ei avkøyrsla som oppfyller tekniske krav. Først då kan vi ta endeleg stilling til søknaden.

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen  
Med helsing

Kari Elster Moen  
overingeniør

Tone Bøyum  
overingeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ



Gnr.16, bnr.17 i Lindås kommune

## Søknad om utslepp av sanitært og kommunalt avløpsvatn frå hus og hytter

Søknadsskjemaet gjeld for:

- utslepp frå bustadhus, hytter, turistbedrifter og liknande verksemd med utslepp på under 50 pe.

Skjemaet gjeld ikkje for tilkopling til offentleg avløpsnett.

### Informasjon:

1. Utsleppet av sanitært avløpsvatn er søknadspliktig jf. forureiningsforskrifta kapittel 12. Søknad med alle nødvendige opplysningar vil bli behandla av kommunen. Søknadar som er i samsvar med standardkrava i kapittel 12, blir behandla innan seks veker. Søknad om unntak frå standardkrava i kapittel 12 blir behandla utan ugrunna opphald, men behandlinga kan ta meir enn seks veker.
2. For prosjektering og utføring av avløpsanlegget, gjeld reglane i plan- og bygningslova § 20-1 om søknad om løyve til tiltak, godkjenning av føretak og ansvarsrett. Bygging av anlegget kan først starte når eit igangsettingsløyve frå kommunen ligg føre.
3. Les "Rettleiing til søker", før du byrjar utfyllinga.

### 1. Ansvarleg (søklar)\*:

Namn: Håvard Dyrkolbotn	Telefon (dagtid): 992 35 726
Adresse: Stranda 480	Postnr, poststad: 5993 Ostereidet
E-post: hei-dyr@online.no	Enkeltperson

\*Dersom ansvarleg søklar ikkje er den same som ansvarleg eigar (ansvarleg eigar er det same som tiltakshavar i plan- og byggesaker) skal du opplyse om dette.

### 2. Søknaden gjeld:

Nytt utslepp	Heilårsbustad, tal på: 1.....	Er/blir vassklosett installert? ja
--------------	-------------------------------	---------------------------------------

### 3. Eigedom/byggjestad:

Gnr.: 16	Bnr.: 17	Adresse: Stranda 476. 5993 Ostereidet
Planstatus:	Samsvar med endelege planar etter plan- og bygningslova: ja Viss nei, ligg samtykke frå kommunens planmyndigheit føre?: ja, dato:.....	



#### 4. Utsleppsstad:

Type: Bekk /Elv
Namn på lokalitet: Stranda 476
Koordinatar på utsleppsstad: N: 60° 39 576` Ø: 5° 25.923`
Før opp kartdatum: WGS 84
Utsleppsdybne ved lågaste vasstand:      ikkje relevant
Utsleppets storleik i personekvivalentar: ____ 6 pe

#### 5. Reinsegrad: (OBS! Kommunen kan ha lokale krav, undersøk med kommunen):

##### *Utsleppsstad i følsamt/normalt område (reinsegrad jf. §12-8, sjå også "Rettleiing til søker"):*

Reinsekrav for sanitært avløpsvatn, utsleppsstad med brukarinteresser:

a) 90 % reduksjon av fosfor, 90 % reduksjon av BOF<sub>5</sub>

Reinsekrav for sanitært avløpsvatn, utsleppsstad med fare for eutrofiering/overgjødsling, men ingen brukarinteresser:

b) 90 % reduksjon av fosfor og 70 % reduksjon av BOF<sub>5</sub>

Reinsekrav for sanitært avløpsvatn, utsleppsstad kor det ikkje er fare for eutrofiering/overgjødsling eller er brukarinteresser:

c) 60 % reduksjon av fosfor og 70 % reduksjon av BOF<sub>5</sub>

Berre utslepp av gråvatn, alle utsleppsstader:

stadeigne lausmassar eller tilsvarande, spesifiser: \_\_\_\_\_

##### **Utsleppsstad i mindre følsamt område (reinsegrad jf. §12-9):**

Reinsekrav for sanitært avløpsvatn, utslepp til sjø:

a) 20 % reduksjon av suspendert stoff

eller

b) 180 mg suspendert stoff/liter i restkonsentrasjon

Berre utslepp av gråvatn, utslepp til sjø:

ureinsa

**Søkjer unntak frå §§12-8 til 12-9/lokal forskrift, spesifiser i vedlegg B (sjå punkt 6).**

<b>Type reinseanlegg:</b>  Biovac minireinseanlegg.	<b>Tillegg for minireinseanlegg:</b>  Tilfredssteller minireinseanlegget NS-EN 12566-3: ja
Anleggets dimensjonerte storleik i tal på personekvivalentar: _____ 10 pe	

**6. Vedlegg til søknaden:**

a) <u>Namn på nøytral fagkyndig (person/firma) som har hjulpet med val av reinsemetode og/eller dokumentasjon av reinsegrad</u>	ja
b) Grunngeving for ynskje om unntak frå §§ 12-7 til 12-13 og relevant dokumentasjon	ikkje relevant
c) <u>Dokumentasjon av reinsegrad jf. § 12-10 og skildring av anlegg</u>	ja
d) <u>Plassering av avløpsanlegg, utsleppstad, eigedomsgrenser og vegtilgang på kart i målestokk 1:5000 eller større</u>	ja
e) Liste over eigedomar knytt til avløpsanlegget med gnr., bnr. og adresse (om det er fleire enn ein eigedom)	ikkje relevant
f) <u>Oversikt over interesser som utsleppet får følgjer for (drikkevassforsyning, rekreasjon, næringsverksemd, etc.). Utgreiing om tiltak for å motverke interessekonfliktar og tiltak for å ta vare på helse og miljø</u>	ikkje relevant
g) Oversikt over kven som er varsla (blant anna naboar, aktuelle lokallag, brønnar/andre kjelder til drikkevatt og vatningsanlegg i området) og kopi av nabovarslet	ja
h) Eventuelle mottokne klager/protestar	ikkje relevant, nabovarsel sendt.

**7. Eventuelle merknader (ikkje obligatorisk):**

--

Gnr.16, bnr.17 i Lindås kommune

**8. Underskrift og fråsegn:**

Eg forpliktar meg til å følgje føresegnene i ureiningsforskrifta og enkeltvedtak i samsvar med ureiningsforskrifta. Som ansvarleg eigar er eg ansvarleg for forskriftsmessig drift og vedlikehald.

Dato:

Underskrift ansvarleg eigar:

Gjenta med blokkbokstavar:

6.4.17

Harald Dyrkølbeh

HÅVARO DYRKØLBETH

**9. Merknader frå kommunen:**